



# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

## Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Grand Hotel, Åndalsgata 5, 6300 Åndalsnes, [post@grandhotel.no](mailto:post@grandhotel.no)

Dato: 26.-27. april, 2024

### **Påmelding:**

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Knut Egil Rykhus	X	Nina Stavheim Bentdal	
Fjord	Britt-Ingunn Tafjord Walle	X	Johan Arnt Overøye	
Lesja	Liv Klara Enstad	X	Dag Christian Hole	
Lom	Kristian Frisvold	X	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Hansen Moen	X	Arne J Hauge	
Rauma	Andrine Kylling	X	Jostein Reiten	
Skjåk	Randi Rust		Ola Løkken	
Stranda	Claus Callsen	X	Gro Anita Loen Sve	
Stryn	Johan J Berge	X	Helene Mari Maurset	
Vågå				
SF-MR	Edvard Emblem Lund	X		
Sekretær	Tor Taraldsrud	X		

### **Program:**

#### Fredag 26. april

17:30 – 18:00 Kaffi / te / enkel bevertning

18:00 – 19:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)

20:00 Middag

#### Laurdag 27. april (tidsskjema kan bli noko endra)

08:00 – 09:00 Frukost

09:00 – 10:00 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)

10:00 – 10:30 Kaffi / te / frukt (i stort møterom)

10:30 – 12:00 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom)

12:00 – 13:00 Fagtema med Einy Brænd frå villreinsenteret

13:00 – 14:00 Lunch (felles med villreinutvalet)

14:00 – 15:00 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom forts.)

15:00 – 16:00 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)

### **Innhald**

12. Godkjenning og innkalling av sakliste .....	2
13. Årsmelding og rekneskap for 2023 .....	2
14. Budsjett 2024.....	5
15. Villreinnrådet - fagdag den 5.-6. juni, Park Hotel, Voss.....	6
16. CWD-kartlegging .....	6
17. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak.....	7
18. Bestandsplan for villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde 2024 - 2026 .....	8
19. Kvote 2024 og tildeling av fellingsløyve .....	10

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

	2
20. Søknad om løyve til å rydde, merke og publisere stiar i Grasdalen, Stryn kommune .....	13
21. Rasteplass – Geirangerkrysset.....	16
22. Uttale i samband med militærøving aust for Slådalsvegen .....	17
23. Referatsaker:.....	19
4) Regional plan for Ottadalsområdet – revidering av handlingsprogram .....	19
5) Stortingsmelding om villrein og tiltaksplanar for kvart område .....	19
6) Scenarioanalyser, Pyttbua / Brøstdalen .....	19
7) Avslag på søknad om jakt på tamreinområde i Leir- og Bøverdalen.....	19
8) Avgjersle av klage på avslag - søknad om utsetting av rein - Jostedal Austfjell .....	19
24. Neste møte i nemnda .....	20
25. Eventuelt.....	20

## Sakliste:

### **12. Godkjenning og innkalling av sakliste**

**Innstilling:** Ingen merknader til innkalling og sakliste  
**Vedtak:** Ingen merknader til innkalling og sakliste

### **13. Årsmelding og rekneskap for 2023**

#### **Møte**

Nemnda hadde to møte i 2023:

1. Årsmøte Pollfoss (Skjåk) 21.-22. april.
2. Møte på Bjorli 20.-21. oktober.

Skrantejuka (CWD): Det var lagt opp til å ta CWD-prøver av all villrein eldre enn eit år som vart felt under jakt. I vårt område var det ei kvote på 1300 dyr, fordelt på 520 kalv og 780 vaksne dyr. Det vart felt 617 vaksne dyr. Av desse vart det innsendt 448 CWD-prøver. 31 vart ikkje analysert (bl.a. hadde 8 uegna materiale), 417 vart analysert, alle desse var negative. Året før ble det sendt inn 304 CWD-prøver, da var det felt 447 vaksne dyr. Alle valda fekk tilsendt prøvetakingsutstyr direkte frå Veterinærinstituttet. Tala over er henta frå hjorteviltregisteret medan overvåkningsrapporten til Veterinærinstituttet lister opp 541 negative prøver frå 2023. Det kan sjå ut til at tala frå Veterinærinstituttet inkluderer ein del prøver som ikkje er fanga opp i hjorteviltregisteret. Forklaringa er truleg at jegerane sender inn fleire CWD-prøver av felt villrein som dei ikkje rapporterer i hjorteviltregisteret. For mange er altså registreringsarbeidet i hjorteviltregisteret ei større utfordring enn uttak av CWD-prøver.

Nemnda var representert ved Randi Rust, Jon Sjugard, Pål Grev, Johan Berge og sekretær på fagdag i regi av villreinrådet på Beitostølen frå 31. mai.-1. juni. Villreinrådet er ein frivillig organisasjon for villreinnemnder og villreinutval. Randi Rust er medlem av styret til villreinrådet, ho vart vald inn i 2019.

Sekretær deltok på oppsynsmøte for SNO og villreinutvalet sine oppsyn i forkant av villreinjakta og evalueringsmøte for utval og oppsyn etter jakta.

## **Saker**

Nemnda handsama 30 saker (inkludert referatsaker) i løpet av året. Vi handsama ein sak om tvist om rettighetstilhøva i vald nr 6 Nedre Rødal som vart påklaga og gjekk til Miljødirektoratet. Nemnda fekk medhald for vårt vedtak. Klagesaker kan vera fint for å få kontrollert forvaltningspraksis sjølv om det ofte blir ein god del ekstra arbeid med slike saker. Det vart arbeidd ein god del med revidering av handlingsprogrammet for regional plan for Ottadalsområdet. Sekretær deltok med innlegg på to digitale høyringsseminar.

## **Sekretariatet**

Sekretariatet for villreinnemnda har frå 01.01.2009 kjøpt teneste av Skjåk kommune. Kjøp av tenester er heimla i kontrakt (frå 2016) inngått mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Skjåk kommune.

## **Villreinområdet gjennom året**

Bruken av arealet innan villreinområdet er den største utfordringa gjennom året. Villreinen er arealkrevjande og sårbar for forstyrning. I fleire saker er det viktig å bidra til å minimere konsekvensane av ulike inngrep. Leveområda er kontinuerleg pressa frå fleire hald. Nemnda blir i stadig større grad invitert med i planlegging av ulike aktivitetar. Det er ei gledeleg utvikling, det er mykje enklare å få teke omsyn til villrein om ein deltek i planleggingsprosessen kontra å kome med innspel etter at planane er lagt.

## **Økonomi**

Nemnda vart løyvd kr 300.000,- frå Miljødirektoratet i 2023, det same som året før. Frå før hadde vi eit forskot på sekretærarbeid på kr 151.813,- Reelt hadde vi altså kr 451.813,- til disposisjon i 2023.

Midla blir overført frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som fører rekneskap for villreinnemnda. I 2023 vart utgiftene til drift ein del større enn tildelinga, underskotet vart på kr 67.808,- Villreinnemnda får berre middel til drift eit og eit år. Rekningar som det ikkje er dekning for blir derfor utbetalt fyrst året etter.

I dei fire siste åra har nemnda fått noko mindre tildeling enn det vi har brukt. Men sidan nemnda har fått forskot på sekretærfunksjonen tidlegare har vi likevel økonomi til å kunne gjennomføre planlagt møteaktivitet. Så lenge vi har att ein del oppsparte middel er tildelinga tilstrekkeleg, men den må snart opp att på eit høgare nivå. I t.d. 2019 fekk nemnda tildelt kr 450.000,- til drift. Altså eit betydeleg større beløp enn det vi har fått dei siste åra.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

Tabell 1 – rekneskap 2023 og budsjett 2024

Konto	Forklaring rekneskap	Inntekter		Forklaring budsjett
		Regn 2023	Budsj 2024	
			kr 90 156	Forskot sekretær frå 2017
			kr 40 555	Forskot sekretær frå 2018
			kr 110 939	Forskot sekretær frå 2019
			kr 9 831	Forskot sekretær frå 2020
			-kr 16 136	Underskot (rest) frå 2020
			-kr 13 525	Underskot (rest) frå 2021
			-kr 54 090	Underskot (rest) frå 2022
			-kr 67 808	Underskot (rest) frå 2023
<b>235</b>	<b>Rame frå Miljødirektoratet</b>	<b>kr 300 000</b>	<b>kr 350 000</b>	<b>Rame frå Miljødirektoratet</b>
			<b>kr 449 921</b>	<b>Sum middel til disposisjon i 2024</b>

Konto	Forklaring rekneskap	Kostnader		Forklaring budsjett
		Regn 2023	Budsj 2024	
5300	Løn og godtgjersle styre, råd og utval	kr 132 069	kr 150 000	Om lag same nivå som i fjor
	Ekstrakostnader leiar		kr 10 000	
5330	Honorar		kr 10 000	Innleige av kjentmenn, føredragshaldar
5400	Arbeidsgiveravgift	kr 19 306	kr 22 560	14,1% av møtegodtgjersle
6780	Tenestekjøp sekretær 2023 (496,95 kr/t x 248,5 t). Fekk dekt 55684,- av SFMR og dekt 67808,- av restmiddel i Skjåk kommune	kr 123 492	kr 104 000	520 kr/t x 200 t
6780	Distribusjon kontrollkort - villreinutvalet	kr 5 000	kr 5 000	
6840	Trykksaker (bladet villreinen)	kr 1 800	kr 2 000	Trykksaker (bladet villreinen)
6860	Møter eksterne	kr 22 653	kr 30 000	
6861	Møter interne	kr 35 246	kr 30 000	
7100	Bilgodtgjering, oppgåvepliktig	kr 22 097	kr 30 000	
7132	Reisekostnad, ikkje oppgåvepliktig	kr 184		
7150	Diettkostnad, oppgåvepliktig	kr 2 408		
7400	Kontingent villreinrådet	kr 3 566	kr 3 566	
	<b>Sum</b>	<b>kr 367 821</b>	<b>kr 397 126</b>	
	<b>Resultat</b>	<b>-kr 67 821</b>	<b>-kr 47 126</b>	
	Underskot dekt av tidlegare forskot til Skjåk kommune	kr 67 808		
	Sum (Restbeløp attståande hjå SFMR)	-kr 13		

**Innstilling:** Årsmelding og rekneskap - godkjent.  
**Vedtak:** Årsmelding og rekneskap - godkjent.

## 14. Budsjett 2024

Nemnda har motteke kr 350.000,- til drift i 2024. I tillegg har Skjåk kommune att eit forskot frå tidlegare på kr 99.921,- Reelt har derfor nemnda kr 449.921,- til sitt arbeid dette året.

Den kritiske faktoren for nemnda sin økonomi er talet på møte. Nemnda meiner at skal vi klare å oppfylle den rolle som det er skissert at nemnda skal ha, bør det avviklast tre-fire møte i året og i tillegg møte i arbeidsutvalet ved behov. Det kan vere aktuelt å kombinere fysiske og digitale møte igjennom året.

I 2024 bør vi få til omlag tilsvarande møteaktivitet som tidlegare år. Nemnda ynskjer å vere aktiv i forhold til arealplanlegginga i den enkelte kommune. Nemnda vil og vere aktiv overfor villreinutvalet og avviklar også i dag fleire møte i året saman med dei.

Ein del av møta i nemnda bør vera med overnatting. Det gjer at nemnda kan kombinere møteverksemda med synfaringar noko som er svært nyttig. Villreinområdet er stort og det er vanskeleg å ha oversikt, derfor er det nytting med synfaringar for medlemmane. Det gjer og at ein kan leggje opp synfaringar som inkluderer saker som skal bli behandla.

Det er truleg aktuelt å delta på fagdagen på Voss for fleire av medlemmane i nemnda.

- Innstilling:** Legge opp til eit budsjett som sikrar nemnda tilfredsstillande aktivitet innanfor dei økonomiske ramane vi har.
- Vedtak:** Legge opp til eit budsjett som sikrar nemnda tilfredsstillande aktivitet innanfor dei økonomiske ramane vi har.

## 15. Villreinrådet - fagdag den 5.-6. juni, Park Hotel, Voss

Styret og redaksjonsrådet i Villreinrådet har gledet av å invitere [årets fagdag fra 5. – 6. juni](#) (fra lunsj til lunsj). Samlingen holdes på Park Hotell på Voss.

Fagdagen er åpen for alle.

Vedlagt ligger en flyer med foreløpig oversikt over tema som tas opp på samlingen. Det vil være innlegg om stortingsmeldingen som er på trappene, om kvalitetsnormarbeidet, om dyrehelse, re-etablering i Nordfjella, om prøvetaking under jakta – og om de etiske aspektene rundt all overvåkingen som det nå legges opp til. Og i tillegg til ymse annet. Departement, direktorater, forskere og andre fra både forvaltning og annet vil holde innlegg. I tillegg blir det selvfølgelig to lunsjer, tre-retters middag m. drikke og mye sosialt. Endelig program sendes ut etter at Villreinrådet har hatt møte 11. april, så noen justeringer kan det bli.

Dette tror vi blir en fin samling.

Total kostnad (inkludert fullpensjon en overnatting, tre-retters middag m. vin, to lunsj mv.) kommer på rundt 3 700,-. Det er også mulig å få dagpakke og med og uten middag. På Park hotell har vi foreløpig fått reservert 76 enkeltrom. Normalt har vi vært flere enn dette, og i så fall må vi se om vi også kan booke noen rom hos de øvrige hotellene på Voss. Men da er det viktig å være tidlig ute! Vi har også reservert 25 rom fra 4.-5. hvis noen kommer kvelden før.

Så selv om vi setter påmeldingsfrist til 1.mai så er det flott med påmelding snarest. Og de første er selvsagt sikret plass på Park.

Påmelding er til meg (e-post [christian.hillmann76@gmail.com](mailto:christian.hillmann76@gmail.com)).

Jeg trenger navn, nummer og e-postadresse til alle påmeldte. Er det noen spesielle mathensyn som må tas, så si ifra om det.

Og så en veldig viktig ting: Husk å videresende invitasjonen til alle dere kan tenke dere å være interessert.

Ellers så ønsker vi alle dere en fin vår og så håper vi at vi sees på Voss.

Ta gjerne kontakt om dere har spørsmål.

Hilsen Christian Hillmann, sekr., tlf 90152571

**Innstilling:** Det blir opna for at dei faste medlemmane i nemnda kan melde seg på fagdagen.

**Behandling:** Sjekke moglegheiten for å sjå fagdagen digitalt. Info blir sendt ut.

**Vedtak:** Dei som ynskjer å vera med av dei faste medlemmane kan få moglegheit. Frist påmelding til sekretær i nemnda 30. april.

## 16. CWD-kartlegging

I haust skal det bli teke CWD-prøve av all villrein felt under jakt som er eit år og eldre, på same vis som dei fem siste åra (denne type prøvetaking starta hausten 2018, CWD vart oppdaga i Nordfjella i mars 2016). Villreinnemnda har ansvar for bestilling og utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som skal levere det vidare til jegerane. Mange av jegerane begynner truleg å få godt tak på prøvetaking og er godt kjent med problematikken rundt CWD.

**Innstilling:** Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar.

**Vedtak:** Sørge for utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

## 17. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak

Villreinnemnda har kr 264.580,- til utdeling i 2024

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.24.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

[tor.taraldrud@skjaak.kommune.no](mailto:tor.taraldrud@skjaak.kommune.no)

- Innstilling:** Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, porten.no, villrein.no.
- Behandling:** Justering på nokre namn
- Vedtak:** Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Nyss, Sunnmørsposten, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, porten.no, villrein.no.

## 18. Bestandsplan for villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde 2024 - 2026

Fleire av vurderings parametrane frå kvalitetsnormen er teke inn i bestandsplanen. Det er bra og synleggjer at bestandsplanen legg opp til å nå måla som er sett for god kvalitet i normen.

Bestandsmåla er endra litt når det gjeld stammestorleik:

Førre:	Reinheimen	1800 - 1900 dyr
	Breheimen søraust	400 - 450 dyr
	Breheimen sørvest	250 - 300 dyr
Neste:	Reinheimen	1700 - 1800 dyr
	Breheimen søraust	400 - 450 dyr
	Breheimen sørvest	250 - 300 dyr

Redusert stammestorleik i Reinheimen kan gje positivt utslag på kondisjon og kan slik sett vera fornuftig. Samstundes er årsaka til dårleg kondisjon truleg samansett av fleire faktorar. Reduksjon i stammestorleik kan gje kortsiktig "symptomlindring" utan at det blir teke tak i årsaka. Det er ikkje store endringar i stammestorleik og sidan bestanden i nokre år har vore større enn bestandsmålet kan det hende at det er fornuftig at den er lågare i nokre år. Villrein i Reinheimen har hatt positiv utvikling i arealbruken dei siste åra (noko større bruk av nordvestlege område). Ein mindre stamme kan ha mindre behov for å utvide arealbruken. Vi får tru at det ikkje reduserer bruken av "nytt areal".

Det er lagt opp til endring av kategorien: "Bukk under 50 kg" til "Bukk under 50 kg/kluftbukk". Dette kan bidra til at det blir teke ut noko meir returbukkk.

I bestandsplanen blir systemet for stimulering til felling av små kalvar vidareført. I jegerkontrakta har dette vore konkretisert: Villreinkalvar under 14 kg har jegeren fått kjøpt for kr 350,- Kalven har da ikkje "belasta" villreinkortet og jegeren har fått moglegheit til å jakte vidare.

I bestandsplanen er det lagt opp til ulike soner med ulik fellingskvote og minsteareal. I kommentarutgåva til hjorteviltforskrifta er det skrive fylgjande: *Utarbeidelse av bestandsplan for et villreinområde er den naturlige arenaen for forankring på rettighetshaversida av ulike soner med ulik fellingskvote.*

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal alle vedtak der ein påverkar naturmangfald bli vurdert etter dei miljørettslege prinsipp - §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget er godt med bakgrunn i årlege bestandsregistreringar (§§ 8-9).

Bestandsmål er forsvarleg (§ 10). §§ 11-12 er ikkje relevant i denne saka.

Bestandsplanen er vedlagt.

**Innstilling:** Villreinnemnda godkjenner bestandsplanen for villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde 2024 – 2026.

Heimel: § 27 i hjorteviltforskrifta

**Behandling:** Knut Egil Rykhus stilte spørsmål ved sin habilitet pga. verv i styret i utvalet fram til dette møtet. Vurdert som habil.

Etter møtet fekk nemnda melding frå utvalet om at kategorien "Bukk under 50 kg/kluftbukk" vart endra til berre "kluftbukk". Det var ein diskusjon rundt dette i møtet saman med villreinutvalet. Dei som deltok i møtet frå

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

9

nemnda har fått tilsendt ein e-post etter møtet der dei er bedt om å gi tilbakemelding om dei stemmer mot vedtaket og ev ynskjer ny behandling eller ny avstemming over denne saka.

**Vedtak:**

Villreinnemnda godkjenner bestandsplanen for villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde 2024 – 2026, med endring i bestandsplanen til berre "kluftbukk".

Heimel: § 27 i hjorteviltforskrifta

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10

## 19. Kvote 2024 og tildeling av fellingsløyve

Villreinnemnda vurderer kvotesøknad på bakgrunn av bestandsplan, teljing av vinterstamme og årleg kvotesøknad frå villreinutvalet. Det er søkt om 1100 fellingsløyve. Søknad frå villreinutvalet var med som ein del av saklista til årsmøtet og er limt inn under. Nemnda legg til grunn at kvota i Breheimen er fordelt på 250 dyr på søraust og 100 dyr på sørvest jf. dialog med villreinutvalet tidlegare i vinter.

### Kvoteforslag

Reinheimen: 750 jaktkort (inkl. 14 oppsynskort)

Breheimen: 350 jaktkort (inkl. 7 oppsynskort)

Tot: 1.100 jaktkort (inkl. 21 oppsynskort)

### Kortfordeling 2024 (i samsvar med bestandsplan):

Reinheimen	
Kalv	40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	30 %
Bukk u. 50 kg/kluftbukk	10 %
Fritt dyr	20 %

Breheimen sørvest	
Kalv	40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	30 %
Bukk u. 50 kg/kluftbukk	5 %
Fritt dyr	25 %

Breheimen søraust	
Kalv	40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	30 %
Bukk u. 50 kg/kluftbukk	10 %
Fritt dyr	20 %

### Jakttid 2024

*Tysdag 20. august (første jakt dag) – søndag 15. september (siste jakt dag).*

*Fellesjakt: som beskrive i jegerkontrakt 2024 (vidareføring frå 2023).*

### ***AVTALE OM OPE OG DELVIS OPE JAKTOMRÅDE I REINHEIMEN:***

Områda i Lesja, Vågå, Lom og Skjåkområda aust for Tora-Tverråe-Torsvatnet inngår i eit felles jaktområde i heile jaktperioda. Føresetnaden er da at jeger **SKAL** starte jakt frå eige jaktområde (står på jaktkortet). Dovreområda er unnateke. I tillegg blir fylgjande fellesjakt med Finndalsområdet vidareført: tysdagar, onsdagar og torsdagar: 27-28-29. august og 3-4-5 september - i denne perioda er kort stempla *Fellesområdet Finndalen* gyldig i både Skjåk- og Lesjaområder. Kort stempla *Lesja-Reinheimen* eller *Skjåk-Reinheimen*, er i same periode gyldige i Finndalsområdet.

*Unge jegerar (20 år og yngre) får jakte i heile det opne Reinheimenområdet heile jakta på eige kort!*

**UNNATEKE FRÅ OPE JAKTOMRÅDE :** Områda i Fjord, Stranda og Rauma.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

11

Tabell 2– stammeoversikt

Reinheimen	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Kommentar 2024
Vinterstamme	2005	2000	2098	1941	2266	2032	1936	2063	1966	2112	1856	
Tilvekst	512	472	355	693	429	413	417	473	611	382	427	Estimert 23 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	25,5 %	23,6 %	16,9 %	35,7 %	18,9 %	20,3 %	21,5 %	22,9 %	31,1 %	18,1 %	23,5 %	
Sommarbestand	2517	2472	2453	2634	2695	2445	2353	2536	2577	2494	2283	
Avskyting	517	374	512	368	663	509	290	570	465	638	488	Estimert 65 % felling, snitt siste 10 år
Kvote	700	700	725	675	900	700	500	800	800	950	750	
Fellingsprosent	73,9 %	53,4 %	70,6 %	54,5 %	73,7 %	72,7 %	58,0 %	71,3 %	58,1 %	67,2 %	65,3 %	
											1795	etter jakt (mål 1700-1800)
<b>Breheimen Sør-Aust</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>Kommentar 2024</b>
Vinterstamme	589	572	568	551	550	535	488	510	484	553	511	
Tilvekst	168	129	124	164	127	63	147	99	195	141	128	Estimert 25 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	28,5 %	22,6 %	21,8 %	29,8 %	23,1 %	11,8 %	30,1 %	19,4 %	40,3 %	25,4 %	25,3 %	
Sommarbestand	757	701	692	715	677	598	635	609	679	694	639	
Avskyting	185	133	141	165	142	110	125	125	126	183	180	Estimert 72 % felling, snitt siste 10 år
Kvote	245	220	185	200	185	171	168	168	200	250	250	
Fellingsprosent	75,5 %	60,5 %	76,2 %	82,5 %	76,8 %	64,3 %	74,4 %	74,4 %	63,0 %	73,0 %	72,1 %	
											459	etter jakt (mål 400-450)
<b>Breheimen Sør-Vest</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>Kommentar 2024</b>
Vinterstamme	243	218	215	281	230	380	321	290	276	330	295	
Tilvekst	26	46	81	-3	187	46	33	50	97	41	71	Estimert 24 % kalvetilvekst, snitt siste 10 år
Tilvekst %	10,7 %	21,1 %	37,7 %	-1,1 %	81,3 %	12,1 %	10,3 %	17,2 %	35,1 %	12,4 %	23,7 %	
Sommarbestand	269	264	296	278	417	426	354	340	373	371	366	
Avskyting	51	49	15	48	37	105	64	64	43	76	85	Estimert 85 % felling, snitt siste 10 år
Kvote	55	55	15	50	40	129	82	82	65	100	100	
Fellingsprosent	92,7 %	89,1 %	100,0 %	96,0 %	92,5 %	81,4 %	78,0 %	78,0 %	66,2 %	76,0 %	85,0 %	
											281	etter jakt (mål 250-300)

Minimumsteljing utført på vinteren er grunnlaget for tabellen over. Når ein er kjent med vinterstammen og jaktuttak kan ein rekne ut tilveksten. Gjennomsnittleg fellingsprosent og tilvekst for dei siste 10 åra er brukt som grunnlag for å estimere desse parametrane for 2024. Bestandsestimatet syner at vinterstamma etter jakt vil vera i tråd med bestandsplanen. For alle delområda er det usikkerheit knytt til estimata. Spesielt for sørvestområdet der det har vore størst variasjonar i vinterstamme og tilvekst frå år til år. Endringane er ikkje like enkle å forklare for alle år. Framskriving av bestanden er derfor mest usikker for dette delområdet.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

12

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal alle vedtak der ein påverkar naturmangfald bli vurdert etter dei miljørettslege prinsipp - §§ 8–12:

Kunnskapsgrunnlaget er godt med bakgrunn i årlege bestandsregistreringar (§§ 8-9).

Kvotestorleik er forsvarleg (§ 10). §§ 11-12 er ikkje relevant i denne saka.

**Tabell 3: Fordeling av kort mellom valda.**

	<b>Kvotepandel</b>	<b>Fordeling</b>
Innlandet	85 %	Fordeling iht areal mellom valda innan Innlandet
Rauma	8 %	Fordeling iht areal innan Rauma
Fjord	5,5 %	Fordeling iht areal innan Fjord
Stranda	1,5 %	Fordeling iht areal innan Stranda
Sum	100 %	
Skjåk	75 %	Eit vald
Stryn	7 %	Eit vald
Luster	18 %	Eit vald
Sum	100 %	

I følge bestandsplanen kan det bli sett av nokre oppsynskort. For 2024 blir det sett av 14 oppsynskort i Reinheimen og 7 i Breheimen. Dei blir teke frå totalkvota og belastar derfor kvart vald likt.

## **Innstilling:**

Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1100 dyr for 2024, fordelt på 750 dyr i Reinheimen, 250 dyr i Breheimen søraust og 100 dyr i Breheimen sørvest.

Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr.

Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i kvotesøknaden frå utvalet.

Arealet i villreinområdet har ulike soner med ulikt minsteareal, dette er forankra i bestandsplanen. Tildeling av fellingsløyve til ulike vald slik det går fram av tabell 3 jf bestandsplanen.

Heimel: § 28 i hjorteviltforskrifta.

## **Vedtak:**

Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1100 dyr for 2024, fordelt på 750 dyr i Reinheimen, 250 dyr i Breheimen søraust og 100 dyr i Breheimen sørvest.

Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr.

Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i kvotesøknaden frå utvalet.

Arealet i villreinområdet har ulike soner med ulikt minsteareal, dette er forankra i bestandsplanen. Tildeling av fellingsløyve til ulike vald slik det går fram av tabell 3 jf bestandsplanen.

Heimel: § 28 i hjorteviltforskrifta.

## **20. Søknad om løyve til å rydde, merke og publisere stiar i Grasdalen, Stryn kommune**

Søknad frå Oppstryn Bygdeutviklingslag og INT v/Asbjørn Berge:

*Oppstryn bygdeutviklingslag har i samarbeid med Indre Nordfjord Turlag, starta opp eit stort prosjekt som vi har kalla På tur i Oppstryn . Målet er å rydde, merke og publisere dei gamle ræsene i setredalane våre.*

*I Grasdalen har vi framlegg om å rydde og merke følgjande:*

- *Råsa mellom setra på Skjeringsdalen og parkeringsplassen i Grasdalen. Avstand ca. 5,5 km.*
- *Råsa mellom parkeringsplassen ved R15 og Grasdalshytta. Avstand ca. 2 km*
- *Råsa mellom parkeringsplassen ved R15 og Oppljosvatnet. Avstand ca. 2,2 km*
- *Råsa mellom Grasdalshytta og Grasdalsreset. Avstand ca. 2,2 km*

*Frå Grasdalsreset er det sett opp vardar som viser veg til Djupvassegga (1546 moh.). Desse bør byggast større.*

*Vi ønskjer å setje opp info-tavle på parkeringsplassen ved Oppljostunnelen. Turane med turbeskriving og info om gamle kulturminne/lokalhistorie vil bli lagt ut på Oppstryn bygdeutviklingslag si nettside, oppstryn.no, og på ut.no.*

*Håpar at de ser positivt på tiltaket, og vi ser fram til svar på søknaden.*

*Mvh Oppstryn Bygdeutviklingslag og INT v/ Asbjørn Berge, tlf 48234863*

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

14

Kart som viser dei omtala ræsene




## Vurdering

Området ligg i Stryn kommune på grensa mot Skjåk kommune. Det er villreinstamma i Breheimen sørvest som nyttar dette området. Heile området er barmarksbeite, medan områda nord og aust for Grasdalen også er vinterbeiteområde. Det er trekkområde for villrein over Kolbeinsreset mot Djupvassegga/Oppljosegga. Det er viktig å ta vare på denne trekkorridoren og ein bør derfor vera forsiktig med å legge til rette for auka ferdsel her. Vinterbeitområde og trekkområde er synt i kartet under. På hausten (i jakta) er det også vanleg å treffe villrein i området Djupvassegga – Djupvassreset.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

15



Det er snørike område og ein kort sesong for barmarksferdsel i dette området, men dei vestlege beiteområda er verdifulle for villrein og det er viktig å legge til rette for at villrein vil bruke dei vestlegaste delane av villreinområda. Reduserte slaktevekter er ein av årsakene til at vårt villreinområde ikkje har god kvalitet. Skal ein betre kondisjonen må ein sørge for tilgang til gode beiteområda. Da bør ein vera forsiktig med auka tilrettelegging i dette området. Det kan hende at det er andre område i Stryn som er betre egna for tilrettelegging av stiger. Marknadsføring kan føre til auka bruk av området. Det er ikkje ynskjeleg med tanke på villrein. Det hadde vore ein fordel om området vart vurdert i samband med ein kommunal stig- og løypeplan. Da får ein vurdert området opp mot behovet i ein større samanheng.

**Innstilling:** Det er ikkje ynskjeleg med tilrettelegging og marknadsføring av dette området. Det er frykt for at auka ferdsel kan føre til at villrein vil bruke dette området i mindre grad.

**Behandling:** Johan Berge vart vurdert inhabil i denne saka og trådde i frå. Han kom inn att i møtet etter saka var behandla.

**Vedtak:** Det er ikkje ynskjeleg med tilrettelegging og marknadsføring av dette området. Det er frykt for at auka ferdsel kan føre til at villrein vil bruke dette området i mindre grad. Det hadde vore ein fordel om området vart vurdert i samband med ein kommunal stig- og løypeplan, gjerne i samråd med Stranda kommune. Da får ein vurdert området opp mot behovet i ein større samanheng.

## 21. Rasteplass – Geirangerkrysset

Nemnda sendte fylgjande e-post til Statens vegvesen (SVV):

*I samband med revidering av handlingsprogrammet for regional plan for Ottadalsområdet var det pekt på stenging av rasteplassen ved Langvatnet som eit viktig tiltak for å sikre den viktigaste trekkorridoren for villrein mellom Reinheimen og Breheimen.*

*Det vil truleg ta lang tid før framtidig trasè for Rv 15 blir fastlagt. **Er det mogleg å få til ein prosess der ein vurderer rasteplassen ved Langvatnet no?** Korleis startar vi evt ein slik prosess? Fint om vi kunne få til ein dialog om dette.*

*I samband med [kunnskapsgrunnlaget for kvalitetsnormen for villrein](#) et dette området karakterisert som: **Særdeles viktig trekkpassasje for utveksling mellom Reinheimen og Breheimen***

*Trekket går tvers i gjennom rasteplassen.*

Helsing

Tor Taraldsrud

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

48 19 01 45

[tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no](mailto:tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no)

SVV kom med fylgjande svar:

**Spørsmål frå Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen om rasteplass ved Langvatnet, Skjåk kommune.**

*Vi viser til epost av 03.01.2024 om ev. stenging av denne rasteplassen. Plassen ligg i eit trekkområde for villrein, nær krysset mellom rv. 15 og fv. 63.*

*Statens vegvesen kan vurdere å stenge rasteplassen. Før vi gjer det, ber vi om å få attendemelding om kva som er aktuelt tidsrom for stenging? Bør den stengast permanent eller i delar av året - i så fall når?*

*Det går ein veg sørover frå rasteplassen. Døkk må sjølv avklare med grunneigar (Skjåk allmenning) kva for formål og bruk denne vegen har. Vegen har også tilkomst frå sørvest, der det er avkjørsel frå riksvegen til eit 'antenneanlegg.' Behov for tilkomst til dette må døkk også avklare. Denne vegen må ikkje fungere som alternativ tilgang til rasteplassen og ein må difor avklare korleis den kan stengast.*

*Statens vegvesen, Transport og samfunn*

*Med helsing*

*Gyda Austin*

Nemnda har sendt spørsmål til Skjåk Almenning om formål og bruk av vegen og om moglegheit for å stenge den. Dersom dei har behov for veg/p-plass så får SVV vurdere dette opp mot omsyn til villrein. Det kunne vore ynskjeleg med ei synfaring når snøen blir borte saman med grunneigar, SVV og ev Skjåk kommune.

**Innstilling:** Det er ynskjeleg at både rasteplassen og vegen bort til antenneanlegget blir stengt året rundt.

**Vedtak:** Det er ynskjeleg at både rasteplassen, vegen bort til antenneanlegget, og p-plassar rundt antenneanlegget blir fysisk stengt året rundt. Omsyn til villrein er

og eit viktig grunnlag for etablering av tunnelinnslag lengre aust i samband med arbeidet med ny Rv 15.

## 22. Uttale i samband med militærøving aust for Slådalsvegen

Dovre Vestside Viltforvaltning fekk søknad frå HV-skulen på Dombås med førespurnad om områdebruk for militærøving 4. – 15.mars 2024 i området aust for Slådalsvegen. Dovre Vestside Viltforvaltning sendte ein førespurnad til villreinnemnda om ei uttale. Sekretær i nemnda sendte fylgjande svar på e-post 26.01.24:

*I utgangspunktet ser villreinnemnda helst at slik øvingsaktivitet blir planlagt utanom villreinområdet. Øvingsmengda kan fort auke og da kan det få konsekvensar sjølv om øvinga i år såg ut til å vera relativt avgrensa.*

*Vi har hatt med ei slik formulering når vi har hatt uttale til øvingar i regi av Røde Kors i same området:*

*Området der det er planlagt øving er innanfor leveområde til villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Området er registrert som vinterbeiteområde. Villrein har i liten grad brukt dette området dei siste åra, men det har historisk vore eit veldig viktig område for villrein, jf massefangstanlegget på verket ved Slådalsvegen. Potensielt er dette eit veldig viktig område for villrein og eit område som det er ynskjeleg at villrein i større grad nytta seg av.*

*Det er viktig at det ikkje etablerer seg til å bli eit årleg øvingsområde her.*

I etterkant av dette inviterte HV-skulen dei ulike interessepartane til eit dialogmøte på Dombås og det var ynskjeleg å få diskutert saken på nytt. Saman med invitasjonen sendte HV-skulen eit brev med meir informasjon om ynskjeleg øvingsaktivitet. Dette brevet saman med den fyrste søknaden er vedlagt.

## Vurdering


Dei siste åra har det også sporadisk vore observert rein aust for Slådalsvegen, særleg bukkar. Mars/april er ei tid der bukkane har byrja trekk mot vårbeite og arealbruken kan derfor raskt endre seg på denne tida. Eventuell aktivitet i dette området bør derfor vera tidleg på vinteren om ein ikkje har sett teikn til villrein aust for Slådalsvegen. Tidleg på vinteren vil i dette tilfellet helst vera før 1. mars og aller seinast 15. mars.

For villrein er Jettaområdet eit betre alternativ enn området aust for Slådalsvegen. Det er ikkje observert villrein her i nyare tid. Om det skulle dukke opp villrein her er det derimot viktig å skjerme området i størst mogleg grad. Det er tjukke lavmatter her og eit område ein ynskjer at villrein skal bruke.

Nemnda set stor pris på at vi får kome med uttale, vi er klar over at forsvaret har direkte heimel til motorferdsel i utmark i lovverket. Det er mange gode argument for at HV-skulen skal finne øvingsområde lokalt. Vi ser også at HV-skulen kan kome i ein situasjon der dei kjem til å velje mellom øving i to forskjellige villreinområde. Villreinnemnda si oppgave blir å peike på dei villreinfaglege argumenta i vårt område.

# Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

18



Villreinområdet er markert med blå linje. Jettaområdet har ikkje villreinobservasjonar i nyare tid og er kanskje eit bra område for militærøving? For villrein er det pr i dag eit betre alternativ enn området aust for Slådalsvegen.

**Innstilling:** I utgangspunktet ser villreinnemnda helst at slik øvingsaktivitet blir planlagt utanom villreinområdet. Neste val blir del av villreinområdet der det er minst sjanse for å treffe på villrein. Området sør og aust for Jønndalen er sjeldan besøkt av villrein, om øvinga kan bli held her er det å føretrekke. Siste alternativ er områda aust for Slådalsvegen etter at ein har sjekka og det ikkje er villrein i området. Øvinga bør da skje tidleg på vinteren, før 15. mars.

**Vedtak:** I utgangspunktet ser villreinnemnda helst at slik øvingsaktivitet blir planlagt utanom villreinområdet. Neste val blir del av villreinområdet der det er minst sjanse for å treffe på villrein. Området sør og aust for Jønndalen er sjeldan besøkt av villrein, om øvinga kan bli held her er det å føretrekke. Siste alternativ er områda aust for Slådalsvegen etter at ein har sjekka og det ikkje er villrein i området. Øvinga bør da skje tidleg på vinteren, før 15. mars. Det er ynskjeleg med årleg dialog rundt øving ein månad før øvingstidspunkt.

## 23. Referatsaker:

### 4) *Regional plan for Ottadalsområdet – revidering av handlingsprogram*

Handlingsprogrammet var ute på høyring i 2023 og skal etter planen bli vedteke i dei tre aktuelle fylkestinga. Det vart [vedteke av fylkestinget i Vestland](#) 14. desember, 2023. Det ser ikkje ut til at det er vedteke i dei to andre fylkeskommunane enno.

### 5) *Stortingsmelding om villrein og tiltaksplanar for kvart område*

5. april fekk villreinen si eiga stortingsmelding. Innan 2030 skal den negative trenden for villrein ha snudd. Alle villreinområda skal ha oppnådd minimum middels kvalitet innan 2050 og innan 2100 skal alle dei nasjonale villreinområda ha god kvalitet. Dette er måla i den nye stortingsmeldinga om villrein og etter kvart kjem tiltaksplanar som skal gjere denne [stortingsmeldinga](#) om til praksis.

Statsforvaltarane leverte tilråding til tiltaksplanar for fleire område i desember i fjor. Under er det linka til døme for nokon av dei.

[Rondane](#)

[Snøhetta](#)

[Hardangervidda](#)

### 6) *Scenarioanalyser, Pyttbua / Brøstdalen*

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har bestilt scenarioanalyser av NINA for å ha eit betre beslutningsgrunnlag til søknad om restaurering av Pyttbua. Scenarioanalysen kan gi betre informasjon om korleis DNT-hytta, veg og ferdsel innover Brøstdalen påverkar villrein i dette området. NINA sin metodikk for scenarioanalyser er spennande og det er fint å sjå kva resultat den kan gje i vårt område. Om det ser ut til å fungere bra kan det vera aktuelt å bruke denne metodikken også andre plassar. Statens vegvesen har signalisert at det kan vera ein aktuell metodikk å nytte når ein skal vurdere plassering av tunnelinnslag på Rv 15 (tunnel mellom Skjåk og Stryn). I samband med eventuell ny tunnelbygging på denne vegstrekningen vil det blir behov for deponering av store mengder masse. Plassering kan ha effekt på villrein og det blir viktig å følgje opp denne saka i tida framover.

### 7) *Avslag på søknad om jakt på tamreinområde i Leir- og Bøverdalen*

I fjor vart det gjeve dispensasjon til jakt på tamreinområde i Lom som eit tiltak for å redusere villrein sin arealbruk her og kanskje minske risikoen for samanblanding av villrein og tamrein på sikt. Erfaringa frå fjoråret var positiv, men dispensasjonen var kun gjeve for eit år. Miljødirektoratet avlo søknaden om å vidareføre jakta i dette området som ei dispensasjonsjakt. Grunngevinga var at ein kan få til ei tilsvarende ordning gjennom å opprette eit vald i dette området. Brevet frå Miljødirektoratet er vedlagt.

### 8) *Avgjersle av klage på avslag - søknad om utsetting av rein - Jostedal Austfjell*

Jostedal Austfjell, som ligg i den sørlege delen av Reinheimen-Breheimen villreinområde, sendte 2. februar 2022 søknad om utsetting av tamrein til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet avlo søknaden i vedtak datert 5. april 2022. Vedtaket vart påklaga og oversendt Klima- og miljødepartementet. Dei avlo klagen i brev datert 6. mars 2024.

## 24. Neste møte i nemnda

Vi kan legge opp til eit to-dagarsmøte med synfaring og deltaking på fagdagar. Aktuelle område: Sognefjellet, problematikk rundt jakt på tamreinområde, utvekslingsområde mot Vest-Jotunheimen og brøyting av Sognefjellsvegen. Ev Geirangerkrysset og ny tunnel/Rv 15 og kombinert med synfaring i Stranda.


**Vedtak:** Satse på fre-laurdagsmøte. Aktuelt med andre halvdel av september. T.d. 20.-21. september.

## 25. Eventuelt

Eli Hansen Moen hadde fått spørsmål om tidlegare brøyting av Sognefjellsvegen (Fv 55) og om det er aktuelt for villreinnemnda å gjere ei vurdering av dette.

**Vedtak:** Det er aktuelt for villreinnemnda å sjå nærmare på dette temaet, spesielt i området som er utvekslingskorridor mellom Vest-Jotunheimen og Breheimen.

Johan Berge  
Leiar

  
Tor Taraldsrud  
Sekretær